



Litt av ein idrettsfamilie - Haugland frå Uskedalen!

Oppslutnaden om Kvinneradløpet er slett ikkje imponerende i konkurranseklassa, Heller ikkje i år stilte det opp fleire enn 30 på startstreken. Likevel var det ein familie som imponerte og det var familien Haugland. Flokken av deltakarar og supporterar viste seg å telle 12 små og store.

Den mest framgangsrike i familien for tida er allsidige Ingebjørg, men ho let musklane kvila denne helga og inngjekk i supportergjengen. Til gjengjeld var den eldre generasjon i aktivitet og då siktar vi til både far Lars, to av systrene hans samt svoger og svigerinne.

Lars vekte ein viss oppsikt ved å stille opp for det 'nye' bondelaget i Uskedalen, noko han grunn gav slik for uskedalen.no:
- Eg vil ikkje dumma ut idrettslaget ved å stilla opp for dei.



Lars i mål etter eit respektabelt løp

Også i år vart Kvinnheradløpet diverre ei fuktig oppleving utan at det drap humøret til dei driftige arrangørane. Den 9,2 kilometer lange runden lågt og høgt i Rosendal frista mange også dette året - nærare bestemt 582 - og vi observerte også atskillige uskedelingar i flokken. I ein særklasse blant dei var Gunvald Friheim, som gjennomførte løpet for 30. gong saman med 6 andre.

Blant dei som gjekk for 20-årsmerket denne gongen var Kjersti Rød Bråtun og Steinar Kroka.



Kjersti Rød Bråtun og Svein Ove Bråtun gjekk i takt, som det sømmer seg for eit ektepar

Ikkje overraskande vann Terje Agvin frå Bergensklubben Gular konkurransesklassa klårt, Bant kvinnene var Vigdis Bringedal Holst frå Skjalg raskast. Ho er opprinneleg frå Herøysund og er 42 år gamal. I klassen for menn ville ho vorte nummer 3 i dag og fekk den tredje beste tida som er oppnådd i kvinneklassen.

Dette var den åttande sigeren hennes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Lars etter målpassering - han stilte opp frå Bondelaget!